

TRE LO-FORBUND VIL UT AV EØS:

# Historiske EØS-vedtak i LO-forbund

Sidene 4–5



**TTIP/TISA:**

Bli med på  
aksjonsdagen  
18. april!

s. 14–17

**SOLIDARITET:**

Kvar fjerde EU-  
borgar lever i  
fattigdom

s. 3, 8–9

**GRATIS ISTIKK:**

Du får med  
ny utgave av  
EU-guiden!

s. 13



**Bli  
medlem  
i Nei til EU!**

Send følgende SMS-melding  
NEITILEU <DITT NAVN  
OG POSTADRESSE> til  
2090 (200,-)

FOTO: YLVA SEIFF BERGE

# EU midt i matfatet

**F**iskeri- og landbrukspolitikken skulle ikke være del av EØS-avtalen, og det har vært viktig for Norge å ha en selvstendig politikk på disse feltene. Samtidig opplever vi stadig å finne EU midt i matfatet, og nye utfordringer truer. Som matentusiast heier jeg på norsk matproduksjon med rein og god norsk mat. Mat er en av de viktigste verdikjedene i norsk næringsliv og sammenfatter klima, miljø, biologi og økonomi. Mat engasjerer som aldri før, og det sies enkelt og brutalt at ethvert samfunn er fem måltider unna konflikt og kaos.

Norsk mat har vært og er trygg som et resultat av en villet politikk – ikke flaks. Vi har for eksempel et rent og friskt plantemateriale fordi vi har hatt en streng import. Vi har god dyrehelse og lav medisinbruk fordi vi har et strengt regelverk, og fordi vi har jobbet for å forhindre smitte, framfor å reparere etter at skaden har skjedd.

**Nettopp denne føre** var-holdningen settes under press når EU og USA forhandler om verdens største handelsavtale TTIP (Transatlantic Trade and Investment Partnership). På tross av mye hemmelighold er nettopp lavere mat- og miljøstandarder det som stadig trekkes frem. Klorvaskede kyllinger og GMO er blant det europeerne er mer skeptiske til enn amerikanerne. TTIP vil påvirke Norge via EØS-avtalen. Her må det bygges kunnskap, for dette må vi stå imot!

Norsk fiskerirett er klar, det er folket som eier fisken. Nettopp eiendomsrett til fiske og fangst var en av hovedpilarene i det norske nei til EU i både 1972 og 1994. Nei til EU har nylig sendt høringsvar på Sjømatindustriutvalgets, bedre kjent som Tveterås-utvalget, utredning av sjømatindustriens rammevilkår. Gjennomføres de foreslåtte endringene, vil unntaket som Norge har for fisk i EØS-avtalen kunne forsvinne, og vi vil miste hardt tilkjempede unntak fra de fire friheter. Det vil bli fritt frem for enhver EØS-borger å tilegne seg fiskerettigheter på lik linje med nordmenn.

Landbruket er i utgangspunktet utenfor EØS-avtalen, men i artikkel 19 står det at EU og Norge skal møtes med to års mellomrom for å «gjennomgå vilkåra for handelen med landbruksvarer». Det skjer i disse dager. Partene skal jobbe mot en «gradvis liberali-

sering av handelen», men samtidig forutsettes det at forhandlingene skal skje på gjensidig fordelaktig basis, og innenfor landenes egen landbrukspolitikk. Vi er i prinsippet ikke forpliktet til å gi EU verken nye kvoter eller tollreduksjoner. Allikevel synes statsråd Helgesen å være på tilbydersiden, og vi husker hans sympati med EUs reaksjoner på den såkalte ostetollsaken.

Vi må beholde mulighetsrommet for å produsere mat til egen befolkning! Regjeringen må stå opp for norske interesser. Større import fra EU vil være en stor utfordring for bønder og næringsmiddelindustri. Om tollfrikvotene øker med 1500 tonn melk, vil 100 gjennomsnittsbruk med melk måtte legge ned.

Norge importerer nesten 60 prosent av maten vi spiser, og 70 prosent av denne maten kommer fra EU. Det har vært en enorm økning i importen fra EU siden EØS-avtalen ble inngått, mens eksporten har stått på stedet hvil. EØS-avtalen utfordrer og uthuler det demokratiet vi er så glade i, undergra-



ver velferdsordninger og distrikts-Norge, og endrer matfatet vårt.



**AV KATHRINE KLEVELAND**

Leder i Nei til EU  
kathrine.kleveland@neitileu.no

Tegning: Pål Hansen, alias UKRUT.no

**EØS-avtalen har også gjort** matfatet vårt mer søtt og fargerikt gjennom matsminkedirektivene. Veterinæravtalen vi valgte å godta, har svekket muligheten for grensekontrollen av levende dyr, kjøtt, fisk og meieriprodukter fra andre EU/EØS-land. Dermed er matvarene prisgitt kontrollen i andre land.

En samlet norsk landbruksnæring har sagt nei til å bruke GMO i norsk mat og får ut ifra føre var-prinsippet. Bruk av GMO vil kunne ha negativ effekt på miljø, biologisk mangfold og spredning av genmateriale. Gjennom et varig unntak fra EØS-avtalen og den norske genteknologilova har Norge rett til å stoppe import av genmodifiserte produkter (GMO) som er godkjente for bruk i EU. Nå gjelder det å bruke handlingsrommet!

**Nei til EU** vil fortsette å kjempe for trygg og god mat på norske fat og gode arbeidsforhold og betingelser for matprodusenter på sjø og land i hele vårt langstrakte land.



# Må greske barn sultes enda magrere?

**E**tter beinharde forhandlinger fikk den nyvalgte regjeringen i Hellas i februar et aldri så lite pusterom. Den fikk et lån stort nok til å holde økonomien flytende fram til 1. juli – mot å godta noen forpliktelser som er vage nok til at forhandlingene i Brussel og Berlin vil fortsette med stadig nye forhandlingsbrudd og stadig mer nervekrig med grekere og tyskere i hovedrollene.

**Den greske regjeringen** la i mars fram et forslag til hvordan den vil få det greske samfunnet ut av den enorme samfunnskrise landet er inne i. Forslaget ble forkasta av alle mektige instanser på EU-sida, fra EU-kommisjonen og sentralbanken til Angela Merkel. De vil ha nye kutt i pensjoner og andre innstramminger av det slaget som grekere har hatt mer enn nok av.

I disse skjebnesvangre ukene – både for Hellas og for EU – har ikke grekerne noen andre forhandlingskort enn å vise til den sosiale katastrofa som rammer så mange i det greske samfunnet, til barn som besvimer på skolen fordi de ikke får mat nok, til mødre som vil gi fra seg ungene sine fordi de ikke klarer å ta seg av dem, til at mer enn annenhver ungdom går uten arbeid.

Helsevesenet ligger i ruiner fordi sjukehus stenges, leger og sjukepleiere sies opp, alt på direkte ordre utafra. Det setter sine spor. Barsedødeligheten økte med 43 prosent fra 2008 til 2010. Malaria er tilbake etter 40 års fravær, og tuberkulose rammer flere enn før.

**Så brutale var** de vilkåra som den greske regjeringen måtte godta for å få de kriselåna som i mai 2010 og oktober 2011 skulle berge Hellas fra konkurs og samtidig sikre tyske og franske banker mot store tap på lån til greske låntakere.

Å videreføre en kuttpolitikk som fra måned til måned har økt statsgjelda, jagd fjerdeparten av grekerne ut av arbeid og 200 000 av de best kvalifiserte unge ut av landet, er så meningsløst at mer av det samme umulig kan friste.

I valgkampen sendte Syriza dette budskapet til resten av EU: Den som vil forsvare EU, må hindre at Hellas bryter sammen økonomisk – uansett om det skulle skje ved at Hellas tvinges ut av euroen eller ved å fortsette en kuttpoli-



**Prøver å overtale.** Den greske finansministeren Yanis Varoufakis forsøkte i februar å overbevise kollegaene i eurogruppen om at den greske regjeringens plan kan få landet ut av krisen. FOTO: DET EUROPEISKE RÅD



## Mødre vil gi fra seg ungene sine fordi de ikke klarer å ta seg av dem.

**DAG SEIERSTAD**

Standpunkt 2-2015

tikk som landet verken økonomisk eller sosialt kan tåle.

EU har derfor valget mellom kuttpolitikk og demokrati. Hvis ikke demokratiske krefter kan endre det greske samfunnet slik velgerflertallet ønsker, kan brunere krefter vinne fram – først i Hellas, men også i andre land.

**Syriza gikk ikke** til valg på å melde Hellas ut av valutaunionen og har et overveldende flertall av velgerne med seg på det. Sannsynligvis oppfatter de en euro som tryggere enn en drakme.

For den greske samfunnsøkonomien ville fordelene ved å stå utafra valutaunionen, nettopp være at de nye drakmene ville falle i verdi i forhold til euroen. Dermed ville alt gresk næringsliv bli mer konkurransedyktig både hjemme og utenlands. Det kunne få i gang den veksten som må til for å betale ned noe av den enorme gjelda.

Men samtidig blir all utenlandsgjeld tyngre å bære. Halveres drakmene i verdi, doubles utenlandsgjelda. Det



**AV DAG SEIERSTAD**

Varamedlem til styret i Nei til EU

standpunkt@neitileu.no

umulige valget ser slik ut: Hva slår mest ut, gjeldssjokket eller bedre konkurranseevne?

**Men det er** mye som står på spill også på EU-sida i konflikten.

Økonomiredaktørene Martin Wolf og Wolfgang Münchau i Financial Times, markedsøkonomiens mest toneangivende avis i Europa, har i en serie artikler argumentert for at hvis Hellas forsvinner ut av valutaunionen, vil det bli like ille for eurosone som for Hellas. Penger ville raskt og i strie strømmer flyttes vekk fra land som kunne tenkes å følge Hellas ut av valutaunionen. Dermed ville den dramatiske ubalansen, både den økonomiske og den politiske, mellom nord og sør i eurosone øke ytterligere.

Den greske statsgjelda er økt fra 120 til 177 prosent av BNP i løpet av de åra da krisepakker og kuttpolitikk skulle få gjelda ned. Statsminister Tsipras vil forhandle om å få satt gjelda ned såpass at Hellas har mulighet for å betjene den. Merkel står fremst i et talekor av EU-politikere som avviser alt slikt.

Slik ble ikke Tyskland behandlet etter 1945. I 1953 kom en fram til en internasjonal avtale om at halvparten av den enorme tyske utenlandsgjelda skulle ettergis, at gjelda bare skulle nedbetales i år der Tyskland hadde handelsoverskudd med utlandet – og at nedbetalingen aldri skulle være over tre prosent av eksportinntektene.

Grekene spør seg: Hvis den tyske utenlandsgjelda kunne halveres i 1953 – hvorfor kan ikke den greske halveres i 2015?

## FORBUND FLYTTAR EØS-GRENSER:

# Tre LO-forbund vrakar EØS-avtalen

I 2014 vedtok Transportarbeiderforbundet at Noreg skal **seie opp EØS-avtalen**. I mars i år gjorde EL & IT Forbundet og Fellesorganisasjonen (FO) tilsvarande vedtak.



**Leier «Ut av EØS»-forbund.** Jan Olav Andersen har gått frå å vere leiar i prosjektet Alternativ til dagens EØS-avtalen må erstattast med ein handelsavtale.

**E**L & IT Forbundet valde også Jan Olav Andersen til ny forbundsleiar. Han kom frå stillinga som forhandlingsleiar i forbundet. I Nei til EU-samanheng er han nok best kjend som leiar for prosjektet *Alternativ til dagens EØS-avtale*. Han trur vedtaket vil ha konsekvensar for EØS-debatten vidare.

– For kvart slikt vedtak som vert fatta i eit forbund eller andre stadar blir nokre posisjonar flytta lite grann. Slik får alle vedtak ein effekt som berre veks dess fleire som gjer det same, seier Jan Olav Andersen til Standpunkt.

På EL & IT Forbundet sitt landsmøte var det to alternative EØS-framlegg. Forbundsstyret sitt framlegg baserte seg på LO-kongressen sitt vedtak frå 2013, men la til konsekvensen som mangla i kongressvedtaket: «ILO-konvensjoner, norske tariffavtaler og norsk arbeidslovgivning må gis forrang framfor EU-regler. Hvis dette ikke er mulig må Norge si opp EØS-avtalen.»

For landsmøtet var ikkje dette godt nok. 12. mars vedtok dei med 149 av 253 stemmer at «Det viser seg at EU-regler gis forrang fremfor ILO-konvensjoner,



Mimmi Kvisvik.



**AV SINDRE HUMBERSET**

sindre.humberset@neitleu.no

norske tariffavtaler og norsk arbeidslovgivning. EØS-avtalen må derfor erstattes av en handelsavtale.»

## Avgrensar verkemiddel

Jan Olav Andersen meiner utfallet av EØS-røystinga er ein konsekvens av utviklinga vi har sett i arbeidslivet dei siste åra.

– Hovudårsaken er nok ei sterk uro for utviklinga i arbeidslivet med sosial dumping, mindre faste tilsetningar og auka arbeidslivskriminalitet. Når ein då opplever at det er store avgrensingar i kva verkemiddel det er mogleg og lovleg å ta i bruk for å stanse denne utviklinga, er det naturleg å angripe det ein oppfattar som årsaken til disse avgrensingane, seier Andersen.

– *Korleis vil EL & IT Forbundet arbeide for å få gjennomslag for EØS-standpunktet?*

– Det er mange viktige saker som blir avgjort på eit landsmøte. Det er den nye leiinga si oppgåve å legge planar for korleis vi skal få gjennomslag for mest mogleg av dette. Det kan vere gjennom å delta i den offentlege debatten, gjennom å reise sakene i LO

og andre stadar det er naturleg, og så vidare.

## Også mot EØS i FO

Neste forbund ut var Fellesorganisasjonen (FO). Kongressen deira vedtok 21. mars ei fråsegn med denne formuleringa: «EØS undergraver faglige rettigheter, folkestyret og demokratiet. Grensen er derfor for mange nådd. Tida er inne for en annen tilknytningsform til EU.»

Det var ikkje mykje debatt om EØS på kongressen, og fråsegna vart vedteken med overveldande fleirtal.

Forbundsleiar Mimmi Kvisvik vart attvald og uttalte dette om vedtaket:

– Nå har vårt øverste organ vedtatt denne uttalelsen, og det er den vi skal jobbe for framover, seier Mimmi Kvisvik til Avisenes Nyhetsbyrå (ANB) 23. mars.

## Mykje meir enn handel

Heidi Larsen er styremedlem i Nei til EU og og medlem av Nei til EUs faglege utval.

– Eg trur at årsaken til at Transportarbeidarforbundet, EL & IT og FO



## For kvart slikt vedtak som vert fatta i eit forbund eller andre stadar blir nokre posisjonar flytta lite grann

JAN OLAV ANDERSEN

Leiar i EL & IT Forbundet



ns EØS-avtale, som la fram realistiske alternativ til EØS, til å verte forbundsleiar i det største av LO-forbunda som har vedteke at  
FOTO: YLVA SEIFF BERGE

har gjort desse vedtaka er at dei ser veldig godt at EØS er så enormt mykje meir enn ein handelsavtale. Dei ser at vi gjennom EØS-avtalen får lover og forordningar vi ikkje har bede om, og som er veldig ugunstige for fagrørsla, seier Heidi Larsen.

Ho viser til at Norsk Transportarbeidarforbund sitt landsmøte var først ute med vedtak om oppseiinga av EØS-avtalen.

«Vi vil arbeide for: At Norge sier opp dagens EØS-avtale. En stadig strøm av EU-direktiver og EØS-regler utgjør en trussel mot norske faglige rettigheter, f. eks. vikarbyrådirektivet, postdirektivet, kabotasjereglene og Jernbanepakke 4», heiter det i ei fråsegn frå Norsk Transportarbeidarforbunds landsmøte frå 29. januar 2014.

### Betre tent med handelsavtale

Heidi Larsen meiner desse vedtaka kan vere dei første av mange.

– Desse vedtaka kan bety at fleire skjønner at vi vil vere betre tente med ein rein handelsavtale. Ein avtale som sikrar at vi får selt varene våre, og dermed opprettheld norske arbeids-



Heidi Larsen.

plassar, og som ikkje gjev oss lover og forordningar vi ikkje har bede om. Det tek også til å bli veldig tydeleg at EØS faktisk er ei fare for folkestyret, i og med at EU ønskjer å styre og påverke ein del områder av samfunnslivet vårt, noko som kan påverke demokratiet vårt. Det kan også bety at fleire forbund og lokale foreiningar kan kome etter, for EØS-debatten er faktisk meir levande i fagrørsla no enn den har vore på mange år.

– Korleis bør vedtaka følgjast opp vidare?

– No vil det jo vere opp til kvart einskild forbund korleis vedtaka skal følgjast opp vidare. Men det er nok ikkje utenkjeleg at vi kan få ein debatt om EØS på LO-kongressen i 2017. I forkant av kongressen bør LO la ein – helst to – uavhengige institusjonar vurdere korleis dei 15 krava LO-kongressen stilte før EØS-avtalen vart inngått, har slått ut. Kort og godt, er krava innfridd eller ikkje, og fekk LO det som dei ville?



### EØS-vedtaka

■ «Vi vil arbeide for: At Norge sier opp dagens EØS-avtale. En stadig strøm av EU-direktiver og EØS-regler utgjør en trussel mot norske faglige rettigheter, f. eks. vikarbyrådirektivet, postdirektivet, kabotasjereglene og Jernbanepakke 4.»

**Norsk Transportarbeiderforbunds landsmøte 29. januar 2014**

■ «Det viser seg at EU-regler gis forrang fremfor ILO-konvensjoner, norske tariffavtaler og norsk arbeidslivslovgivning. EØS-avtalen må derfor erstattes av en handelsavtale.»

**EL & IT Forbundets landsmøte 12. mars 2015**


■ «EØS undergraver faglige rettigheter, folkestyret og demokratiet. Grensen er derfor for mange nådd. Tida er inne for en annen tilknytningsform til EU.»

**Fellesorganisasjonens kongress 21. mars 2015**



### Faglig konferanse

Faglig utvalg inviterer til årets faglige konferanse «Fagbevegelsen og EØS». Det blir paneldebatt om fagbevegelsen, faglige rettigheter og EØS med europaminister Vidar Helgesen, Stein Reegård, sjefsøkonom i LO, Roy Pedersen, leder i LO i Oslo og Jan Olav Andersen, leder i EL & IT Forbundet.



Vidar Helgesen.

### Fredag 24. april

■ Kl. 09.30–12.00 Paneldebatt; Vidar Helgesen, Stein Reegård, sjefsøkonom i LO, Roy Pedersen, LO i Oslo og Jan Olav Andersen, EL & IT. Debattleder: Heidi Larsen, Faglig utvalg.

■ Kl. 12.00–13.00 Lunsj

■ Kl. 13.00–13.30 Innledning om boka, «Uro i Euroland – Faglig avmakt og sosial motstand i EUs nye arbeidsliv», av forfatteren Halvor Fjermeros.

■ Kl. 13.30–15.00 De Facto rapport «Mot et tredelt arbeidsliv» om sosial dumping. Innledning ved Roar Eilertsen og Sara Bell, leder i Fagforbundet i Bergen.

■ Kl. 15.00–16.30 Norsk landbruk og næringsmiddelindustrien og EØS. Representanter frå Bondelaget og NNN. Spørsmål og debatt

■ Kl. 16.30–17.00 Avslutning

Det serveres lunsj, kaffe/te/frukt og kake.

**Påmelding** til faglig sekretær, Lill Fanny Sæther. lill.saether@neitleu.no.

### Konferanseavgift

inkludert lunsj: Kr 500,- til konto 7874.42.00031. Merk giroen med «konferanse».



1.



3.



2.



4.



5.

## VIL HA UNDERSKRIFTSKAMPANJE KLAR TIL SOMMAREN:

# No er endeleg EØS-kampanje

– Vi skal samle underskrifter, spreie kunnskap og skape debatt. Slik kan vi få eit samla trykk fram mot LO-kongressen og stortingsvalet i 2017, seier **Benedikte Pryneid Hansen**.

**N**ei til EUs nestleiar Benedikte Pryneid Hansen leier eit kampanjeutval som skal operasjonalisere EØS-arbeidet i organisasjonen, i tråd med arbeidsplanen og strategidokumentet.

– Det er viktig at heile organisasjonen samlar seg om ein ide om kva som må vere vegen vidare, fram mot LO-kongressen og stortingsvalkampen i 2017, seier Benedikte Pryneid Hansen.

Kampanjeutvalet koordinerer EØS-arbeidet, med mål om folkerøysting om EØS-avtalen. Kampanjeutvalet

skal lage konkrete planar, ha oversikt over sentralt og lokalt arbeid og arbeide opp mot samarbeidsorganisasjonar og parti.

### Skal lage folkeleg opprop

Utvalet skal utarbeide politisk grunnlag for eit folkeleg opprop mot EØS og for folkerøysting, i tett samarbeid med fagleg utval som arbeider med det faglege oppropet.

– Det faglege oppropet har allereie samla inn fleire hundre underskrifter og har bidrege til å skape den livlige debatten i fagrørsla som vi ser no.



**AV SINDRE HUMBERSET**

sindre.humberset@neitleu.no

Partipolitikarane har også meldt seg på, med kronikk frå Jonas Gahr Støre, same dag som EL & IT Forbundet skulle gjere sitt EØS-vedtak, seier Benedikte.

– Det skjer altså spennande ting. Vi håpar at denne debatten vert teken lokalt også. Vi ønskjer at fylkes- og lokallaga skal gje sine lokale fagorganisasjonar og parti konkrete utfordringar.

Kampanjeutvalet arbeider no med det folkelege oppropet, eller underskriftskampanjen, som organisasjonen har ønskt seg.

– Vi arbeider med teksten og ønskjer å skaffe ei breidde av folk til å stå bak oppropet når det vert lansert. Vi har mål om å rulle ut oppropet til sommaren når valkampen startar. Fylkes- og lokallag kan bruke oppropet når dei står på stand, både for å samle støtte og for å spreie kunnskap.

– Når vi har ein tekst klar med ein



6. FOR DET ER FOR SEINT



7.



8.

1. Vigdis Hobøl, generalsekretær.

2. Tore Ruud, leiar i Troms Nei til EU.

3. Ådne Naper, nestleiar i Nei til EU.

4. Benedikte

Pryneid Hansen, nestleiar i Nei til EU.

5. Kathrine Kleve-land, leiar i Nei til EU.

6. Toril Mongstad, Hordaland.

7. Heidi Larsen,

Sør-Trøndelag.

8. Kjell Dahle, nestleiar i Oslo Nei til EU.

9. Kari Engebretsen, leiar i Oppland.

10. Kristian Taagerud, Akershus.



9.



10.

# njen i gang!

breifront som stiller seg bak, ønsker vi at fylkes- og lokallag kan bruke oppropet slik at vi kan få ein debatt om innhaldet. Vi ønsker at de inviterer til opne møte, stiller spørsmål til lokale parti og fagforeiningar, slik at debatten om EØS kjem ut lokalt, seier Benedikte.

– Det folkelege oppropet vil ha eit større fokus på dei demokratiske argumenta i tillegg til arbeidslivsargumenta.

– Lokalledda må også halde fram skuleringa på TTIP og TISA. Det er vi som kan trekkje koplinga til EØS og det er vi som kan trekkje inn nye alliansepartnerar inn i arbeidet.

## Vil kartlegge tilstanden

Kampanjeutvalet har også fått i oppdrag å kartlegge kva tilstand fylkes- og lokallaga er i.

– I løpet av vårhalvåret skal vi sende ut brev til alle fylkeslaga for å kart-

legge den organisatoriske og politiske kapasiteten i organisasjonen. Vi kjem til å bruke rådsmøte og fylkesleiarssamlinga både til å informere fylka og for å få informasjon inn til den sentrale kampanjegruppa, seier utvalgsleiar.

– Vi er veldig spent på å få tilbake-meldingar om kva fylka har gjort og kva som er planlagt for året. Vi treng kunnskap om det som er gjort og planlagt for å kunne lage planar tilpassa nivået vi er på. Vi ønsker ikkje å lage planar det ikkje er bruk for eller planlegge ting som allereie er gjort, slår ho fast.

Noko av det utvalet vil vite, er kor mange lokallag og aktivistar vi har.

– Kva potensiale har vi for å nå ut og kva er gjort allereie i EØS-arbeidet? Har vi samla alliansen? Har vi ein lokal debatt. Er vi aktive i lokalmedia? Kva er det fylka har behov for? Kampanjeutvalet vil vite om det behov for



## Kampanjeutvalet

Kampanjeutvalet skal operasjonalisere EØS-arbeidet i organisasjonen, i tråd med arbeidsplan og strategien. Utvalet arbeider heile arbeidsplanperioden og rapporterer til styret og rådet.

Kampanjeutvalet består av følgjande personar: Benedikte P. Hansen (leiar), Boye Ullmann, Kjell Dahle, Synnøve Thomassen, Kirsti Dahle, Ann Ørjebu, Per Martin Sandtrøen, Ivar Hellestnes, og Tori Aarseth (sekretær).

spesielt materiell, eller anna støtte frå sentralt?

– Vi ber om framlegg til konkrete aktivitetar for å kome i gang med arbeidet lokalt. Ut frå dei konkrete tilbake-meldingane vil vi tilpasse det som blir organisasjonen sin kampanjeplan. Send inn svar så snart som råd, oppmodar Benedikte.

## Berre tida og vegen

Benedikte understreker at vi ikkje har god tid.

– Det er no det skjer. Vi må ut no når vi har ein EØS-debatt gåande. Vi håpar at heile organisasjonen er ute og deler ut materialet vi har, mellom anna det nye Vett-heftet om vårt alternativ til EØS, har opne møte og møte med nei-alliansen. Det er ingenting vi kan vente med. Det må gjerast no.





**Alternativt toppmøte i 2013.** I 2013 arrangerte Alter Summit eit alternativt toppmøte i Aten. Alter Summit har vedteke at «Vi forsvarar det greske folket og den demokratiske Troikaen.»

## NEI TIL EU DELTEK I NETTVERK FOR EIT ANNA EUROPA:

# Fattigdom og ulikskap veks

Kvar fjerde EU-borgar lir under fattigdom og naud, slår Caritas fast i ny rapport. Nei til EU deltek i **Alter Summit**, som forsøker å finne svar på krisa.

**D**en nye rapporten frå hjelpeorganisasjonen Caritas om verknadane av krisa i EU, viser urovekkjande nivå av fattigdom og naud i dei sju medlemslanda som er hardest råka av krisa. Dei verst råka er Kypros, Hellas, Irland, Italia, Portugal og Spania.

«EU og medlemslanda fokuserer hovudsakleg på økonomisk politikk

til fordel for sosial politikk. Som eit resultat har den vedtekte politikken øydeleggjande verknader for folk i Europa», er konklusjonen i rapporten.

«Rapporten 'Poverty and Inequalities on the Rise – Just social systems needed as the solution!' viser eit urettvist Europa, der den sosiale utryggleiken veks, sosiale system vert nedbygde og individ og familiar fell djupare ned i



**AV SINDRE HUMBERSET**

sindre.humberset@neitileu.no

fattigdomen. Den sosiale samkjensla i Europa vert mindre, og folk får mindre tillit til dei politiske institusjonane. Rasisme, framandfrykt og hat veks», skriv organisasjonen.

### Vil ha eit anna Europa

Nei til EU er ein del av det europeiske nettverket «Alter Summit», som samlar rundt 200 fagforeiningar og sosiale rørsler frå heile Europa.

– På møtet i Alter Summit 5.–6. mars 2015 i Brussel var situasjonen i Hellas eitt av hovudpunkta, seier Helle Hagenau, leiar i internasjonalt utval i Nei til EU. Ho deltok på møtet for Nei til EU.





retten deira til å forkaste nedskjæringspolitikken og  
FOTO: GUE/NGL

# i EU

– Vi fikk ein gjennomgang av den avtalen som Hellas har inngått med dei andre landa i eurosona, ved ein representant for det greske regjeringspartiet Syriza. Den etterfølgjande debatten dreia seg om kva vi konkret kan gjere for å støtte regjeringa og folket i ei vanskeleg, men også spennande tid, seier Helle Hagenau.

– Syriza-representanten fekk spørsmål om kva det greske folket treng aller mest. Svaret hennar var kort og konstant: mat og medisinar, fortel Hagenau.

## Langt att til normaltilstand

Alter Summit meiner valet som sende Syriza inn i regjering, kan få store kon-



**Alexis Tsipras.** Den greske statsministeren vert møtt med stor interesse i dei andre kriseråka EU-landa. Her snakkar han for ei italiensk forsamling.  
FOTO: MIRKO ISAIA (CREATIVE COMMONS)

sekvensar. Men det krev at landet får rom til å føre ein ny politikk.

– For sjølv om det greske folket har trassa EU-eliten og røysta mot den dikterte kuttpolitikken, er det framleis lang veg å gå før Hellas er tilbake til ein slags «normaltilstand». Arbeidsløysa er skyhøg, spesielt blant ungdom, og rundt en tredel av folket er råka av fattigdom.

– Endring vil ikkje skje over natta. Hellas slit også med enorm gjeld. Der- som landet skal komme seg vidare, så vil gjeldsslette vere omtrent den einaste vegen vidare. Den norske regjeringa burde stille opp for Hellas, og ikkje gå dei nedskjæringsvillege EU-landa sitt ærend, seier Helle Hagenau.

Alter Summit-nettverket vedtok ei fråsegn om Hellas som mellom anna inneheld følgjande punkt:

- Vi forsvarar det greske folket og den demokratiske retten deira til å forkaste nedskjæringspolitikken og Troikaen.
- Vi vil halde fram med å støtte dei greske sosiale rørsleane og fagforeiningane både i den politiske kampen mot kuttpolitikken og i konkrete solidaritetshandlingar.
- Vi støttar avgjerda til den greske regjeringa om å kjempe mot nedskjæringspolitikken og den antidemokratiske innblandinga frå Den europeiske sentralbanken, EU-kommisjonen og EUs råd.
- Vi vil halde fram med å støtte og organisere kampen mot kuttpolitikken og for demokrati, samstundes som vi er merksame om at endringane i Hellas ikkje er ein trussel, men ein moglegheit for oss alle saman.

Representanten frå Nei til EU kom heim med ny glød i arbeidet.

– Det var utruleg inspirerende å høyre dagsaktuelt nytt om Hellas og oppleve korleis heile møtet berre hadde



Helle Hagenau, leiar i internasjonalt utval i Nei til EU.



## Caritas-rapporten

■ Hovudkonklusjon: Etter seks år med økonomisk krise betalar fattige folk framleis for ei krise dei ikkje har skulda for. Dei fattige blir fattigare.

■ Fattigdom og ulikskapen veks i Europa. 123 millionar EU-borgarar lever i fattigdom, som er nesten ein av fire. Meir enn ein tredel av folket i fem medlemsland er i fare for fattigdom eller sosial eksklusjon. Bulgaria 48 %, Romania 40,4 %, Hellas 35,7 %, Latvia 35,1 % og Ungarn 33,5 %.

■ Meir enn eitt av tre barn lever i fattigdom i 14 av EUs 28 medlemsland.

eitt ønskje: At Hellas må lukkast!

## EU-krise langt frå over

Men det greske valet er eitt av få lyspunkt. Caritas-rapporten tek til motmæle mot dei som meiner at krise i EU er over. «Sosiale rettar i Europa vert truga som følgje av at den økonomiske krise utviklar mot seg ei sosial, og stadig meir politisk, krise. Dei politiske vala som vert tekne i dag undergrev den sosiale dimensjonen i Europa og har ekstremt negative konsekvensar for sårbare folk», heiter det.

Caritas har klare råd til EU-institusjonane, medlemslanda og sivilsamfunnet:

- Sikre ei garantert minsteinntekt for alle. Ei kvar nasjonal regjering bør sikre at alle får ei tilstrekkeleg inntekt til å leve eit verdig liv.
- Sikre skatteinntekter. Skattesnyteri må motarbeidast og eit rettvis skattesystem må på plass, slik at alle bidreg med ein rettvis del, også næringslivet.
- Investere i sosialpolitikk. Ved å tilby gode tenester, som bustad, barnehagar, utdanning, helse og anna, så vert ulikskapen redusert og fleire arbeidsplassar vert skap- te.

Jorge Nuño Mayer, generalsekretær i Caritas Europa meiner at rapporten bidreg til større medvit om konsekvensane av krise på ulike sårbare grupper.

– Rapporten stadfestar behovet for ein alternativ politikk og minner oss om at politikarar kan velje annleis når dei avgjer kva tiltak som skal brukast mot krise. Det Europa som blir dokumentert i denne rapporten er ikkje rettvis. Satsinga på nedskjæringspolitikk har ikkje løyst krise, men skaper derimot sosiale problem og uro som kan føre til varige konsekvensar over heile verda.



**FAGLIG OPPROP OM EØS SAMLER UNDERSKRIFTER:**

# Underskriftene triller inn

– Vi ønsker en folkeavstemning om EØS, og vi må vinne den folkeavstemningen, sier leder av Nei til EUs faglige utvalg, **Boye Ullmann**. Faglig opprop er et virkemiddel for å få dette til.

**P**å landsmøtet i Nei til EU høsten 2014 ble det vedtatt å arbeide for å forsvare faglige rettigheter og for et utvidet samarbeid med fagbevegelsen. Nei til EU har også vedtatt å jobbe for at Norge sier opp EØS-avtalen og at det gjennomføres en folkeavstemning om EØS. Det faglige oppropet, med mulighet for å skrive under, ble lansert på årets Trondheimskonferanse, som samlet rundt 700 tillitsvalgte og medlemmer fra fagforeninger og klubber over hele landet, og det er allerede samlet flere hundre underskrifter, inkludert over 500 fra ledende tillitsvalgte.

**Oppropet satt i gang**

– Hvorfor er det igangsatt et faglig opprop med mulighet for å skrive seg på?

– Landsmøtet vedtok faktisk også at Faglig utvalg skulle ta initiativ til et opprop om EØS, for nå er tiden inne for å diskutere hva EØS-avtalen betyr for norsk fagbevegelse og arbeidsliv. Husk at EØS-avtalen er en dynamisk avtale som forandrer seg hele tiden. Vi har fått EUs tjensteddirektiv der målet er økt tjensteeksport over landegrensene, sier Boye Ullmann.

– Vi fikk EUs vikarbyrådirektiv som legitimerer bemanningsbransjen uten restriksjoner. Bemanningsbransjen praktiserer «Ikke lønn mellom oppdrag», noe som setter løsarbeiderregime og midlertidige ansettelser uten stillingsvern inn i system, og bryter bestemmelsen om faste ansettelser i arbeidsmiljøloven. Bemanningsforetak har dessuten ikke lærlingeordninger. Dette undergraver yrkesfagene og lærlingeordningene og fratar ungdom en fremtid i arbeidslivet.

– EU-domstolen griper inn i avtaler mellom partene i norsk arbeidsliv. EØS truer i dag fundamentet for den norske velferdsstaten. Via EØS-avtalen har Norge i tjuen år vært underlagt EUs indre marked med EUs fire markedsfriheter.

**Mot sosial dumping**

Det har vært en stor sysselsettingsøkning på rundt 200 000 i Norge, hvor de fleste kommer gjennom arbeidsinnvandring.

– Problemet er at en stor del av arbeidskrafta fra Øst-Europa blir loset



**Skriv under!** Boye Ullmann, medlem av arbeidsutvalget i Nei til EU og leder av faglig utvalg, vil at så mange som mulig skriver under det faglige oppropet.

FOTO: EIVIND FORMOE

**Faglig opprop**

Alle som ønsker å lese hele oppropet kan gjøre det på [http://www.neitileu.no/om\\_nei\\_til\\_eu/kontakt\\_oss/utvalg\\_og\\_nettnettverk/faglig\\_utvalg/faglig\\_opprop\\_om\\_eos\\_for\\_faste\\_ansettelser\\_og\\_faglige\\_rettigheter](http://www.neitileu.no/om_nei_til_eu/kontakt_oss/utvalg_og_nettnettverk/faglig_utvalg/faglig_opprop_om_eos_for_faste_ansettelser_og_faglige_rettigheter)

De som er enige i oppropet, skriver under ved å sende «Opprop om EØS» og fullt navn og eventuelt epostadresse og fagforening til [boyee@rfag.no](mailto:boyee@rfag.no)

**AV LILL FANNY SÆTHER**

Faglig sekretær i Nei til EU

gjennom bemanningsforetak. Her er det ofte sosial dumping og ikke noe stillingsvern. Arbeidstakerne får ikke opparbeidete rettigheter som overtid, betaling for helligdager og lønn under sykdom, sier Ullmann.

– Vi krever norsk lønn og arbeidsvilkår i Norge, uavhengig av hvor folk kommer fra. Den frie flyten fører ikke bare til sosial dumping, men også arbeidslivskriminalitet. Det er i ferd med å utvikle seg til mafiatilstander i flere bransjer.

**Må få flertall**

– Hvorfor er oppropet og underskriftskampanjen viktig?

– Målet er å øke debatten og forståelsen for at vi må ut av EØS for å få nasjonal kontroll over norsk arbeidsliv.

– Foreløpig har vi jo ikke flertallet av befolkningen med oss. Men de fleste innser at LO, med sine nesten 900 000 medlemmer og sin innflytelse på Arbeiderpartiet, er veldig viktig i kampen mot EØS. Vi må følge med oss flertallet på LO-kongressen i 2017 hvis vi skal oppnå flertall i en folkeavstemning om EØS. Da må vi først få tillitsvalgte og forbundene med i kampen mot EØS-avtalen. En god nyhet var jo at i 2013 vedtok LO-kongressen enstemmig at ILO-bestemmelser, norske arbeidslivslover og tariffavtaler skal være overordnet

EØS-regler.

– Og stadig flere forbund og fagforeninger stiller seg kritiske til EØS-avtalen.


Transportarbeiderforbundet, EL & IT Forbundet og sist FO har landsmøtevedtak om å erstatte EØS-avtalen.

– Disse vedtakene er veldig viktige. Flere LO-forbund skal ha landsmøte i år, blant andre Arbeidsmandsforbundet, og kanskje det viktigste, Fellesforbundet. Faglig utvalg vil sørge for at oppropet og annet relevant materiell deles ut til delegatene på landsmøtene.

– Hva skal resultatet av underskriftskampanjen brukes til?

– Vi ønsker en folkeavstemning om EØS, og vi må vinne den folkeavstemningen. Gjennom LO må vi legge press på partiene på Stortinget, som i stor grad støtter EØS i dag og som er milevidt unna et vedtak om folkeavstemning. Vi får ingen folkeavstemning hvis ikke Stortinget gjør vedtak om det. Og vi vinner ingen folkeavstemning uten at flertallet i Norge er med oss. Vi har ikke bestemt noen dato, men det er klart at kampanjen må i hvert fall vare fram til neste LO-kongress i 2017, og kanskje videre. Det vil jo avhenge av blant annet de vedtak som gjøres der.





## AKTUELT FOR BÅDE KVINNER OG MENN: Tid for kvinnekonferanse!

**25.** –26. april er det tid for den årlege kvinnekonferansen i Nei til EU. På programmet står sosial dumping i kvinneyrker, TISA og TTIP med eit kvinnefokus, og spørsmålet om EU eigentleg passar for kvinner.

– Vi håpar flest mogleg tek turen til eit vårleg Oslo denne helga, seier Turid Thomassen som er kvinnepolitisk leiar i Nei til EU. Kvinneutvalet har laga eit program der vi vil sjå på aktuelle tema i Nei til EU med eit ekstra blikk for kjønn og kvinner.

### Sosial dumping

Programmet startar med eit punkt om sosial dumping i kvinneyrker.

– Vi ønskjer å setje meir fokus på at det føregår sosial dumping i kvinne-dominerte yrker. Det er ikkje berre i byggebransjen at det er sosial dumping. Det har vore ein tendens i fagrørsla generelt, og også i Nei til EU, at når ein snakkar om sosial dumping, så snakkar



### Kvinnekonferanse

■ Laurdag 25. april kl. 10–16.30 og søndag 26. april kl. 10–15.

■ Stad: Håndverkeren konferansesenter i Oslo

■ Prisar: 300 kr for heile helga. 150 kr ein dag. 100 kr for studentar, arbeidsledige og pensjonistar pr. dag.

■ Påmelding til eva.marie.mathisen@neitileu.no



### AV EVA MARIE MATHISEN

eva.marie.mathisen@neitileu.no



Turid Thomassen.

ein om mannstunge sektorarar.

– Vi har invitert Paul Bjerke frå De Facto for å snakke spesifikt om sosial dumping om helse- og omsorgssektoren, og Sara Bell frå Fagforbundet for å fortelje om sosial dumping.

### TISA for kvinner

Kvinneutvalet håpar også på å gje del-takarane ei god og grundig innføring i dei to avtalane TISA og TTIP. Spesielt TISA, som er handel med tenester, vil truleg kunne råke kvinner spesielt. Handel med til dømes helsetenester er

noko som fort kan bli aktuelt med ein TISA-avtale. Ein kan få ordningar med private forsikringar der ein lettare kan kjøpe globale helsetenester og korleis dette kan fremje helseturisme.

– Vi har to innleiingar på dette punktet: Lise Rødland frå Attac, som skal gje oss ei innføring i avtalane og i tillegg sjå på kjønnspektivet, og Rolf Rynning-Hansen frå Fagforbundet, som skal seie noko om korleis fagrørsla arbeider mot avtalane. Spesielt TISA-avtalen har Fagforbundet åtvara mot, og dei meiner det er ein avtale som kan setje offentleg helsevesen, barnehagar, postvesen, kringkasting, vatn, energi, transport og andre tenester i fare.

### På helse laus

– På søndagen skal mellom anna Eli Berg innleie. Berg er tidlegare allmennpraktiserande lege, no førsteamanuensis ved Universitetet i Oslo. Ho skal snakke om økonomifokuset i norske sjukehus og korleis dette går på helse laus hos dei tilsette, fortel Turid.



**VIGDIS HOBØL GÅR AV SOM GENERALSEKRETÆR:**

# – Vil du bli generalsekretær?

– Eg håpar det kjem **mange gode søkjarar**, seier generalsekretær Vigdis Hobøl. I august går ho av etter tre år som generalsekretær og 12 år som tilsett i Nei til EU.

**G**eneralsekretæren har ei heilt sentral stilling i Nei til EU. Vigdis Hobøl har vore generalsekretær gjennom stortingsvalåret 2013 og ikkje minst det store jubileumsåret i 2014. Ho har leia organisasjonen gjennom viktige omstillingsprosessar.

– Nei til EU forvaltar ein historisk arv og er viktig for mange. Det er eit privilegium å få jobbe for ein så viktig organisasjon. Eg trur og håpar det kjem mange gode søkjarar, seier Vigdis.

## Ei stor glede

Vigdis vart tilsett i 2003 som organisasjons- og kampanjekonsulent, og i 2012 vart ho tilsett som generalsekretær.

– Eg hadde akkurat 12-årsjubileum som Nei til EU-tilsett, seier ho.

– Det har vore ei stor glede for meg å vere generalsekretær for den tverrpolitiske grasrotorganisasjonen Nei til EU. Å få jobbe for folkestyre, miljø og solidaritet kvar dag er ikkje alle forunn. For meg og familien min passar det å gje seg no når åremålet går ut etter tre år, fortel ho.

## Stor og viktig organisasjon

Vigdis framhevar den spesielle posisjonen som Nei til EU har i norsk politikk.

– Det er noko heilt spesielt med Nei til EU. Arbeidet vårt kjem borti mange interessefelt. Vi samarbeider med mange ulike organisasjonar og folk.

– Eg er utruleg glad i Nei til EU, mellom anna på grunn av grasrotsorganisasjonen vår, som står på stand, arrangerer møter over heile landet med vanskelege tema, og som gjev aldri opp, smiler ho.

– Det er fascinerande med all den kunnskapen som Nei til EU-folk har om alle disse felta.

## Spesielt jubileumsår

Det store jubileumsåret i 2014 var eit høgdepunkt for generalsekretæren.

– Det største for meg var jubileumsfesten 28. november. Festen gav dette historiske suset, som viser den viktige krafta i Nei til EU-rørsla. Det var veldig



**Avtroppande.**  
Generalsekretær  
Vigdis Hobøl på  
første rekke på  
landsmøtet 2014.

FOTO:  
EIVIND FORMOE

kjekt, og vi klarte å vise fram den store breidda på jubileumsfesten.

– Også dei mange stortingsvalkampanjane har vore artige. Så mange engasjerer seg i desse kampanjane, og saman klarer vi i Nei til EU å dele ut ein million aviser, over heile landet, i løpet av valkampen.

– Eg må også framheve jubileumsstafetten i fjor sommar. Det var også ei slik hending som viser aktivistorganisasjonen vår frå si beste side.

## Håpar mange søkjer

Vigdis håpar mange vil søkje på generalsekretærstillinga.

– Som generalsekretær får ein gjere mykje forskjellig. Ein får vere med på å leie organisasjonen framover. Ein er ein viktig del av det store demokratiske apparatet vårt. Ein jobbar både strategisk og med prosjekt, i samarbeid med dei tilsette, og prioriterer organisasjonen sine ressursar. Generalsekretæren har ansvar for økonomiarbeid og personalarbeid. Det er veldig spennande å få vere med å leie Nei til EU framover som heilskap.

– Det er verdas beste jobb!



**AV SINDRE  
HUMBERSET**

sindre.humberset@  
neitileu.no



## Generalsekretær i Nei til EU

Vår nåværende generalsekretær skal gå av, og vi lyser derfor ut stillingen som generalsekretær som åremålstilling i 3 år, med mulighet for forlengelse.

Nei til EU er en landsomfattende tverrpolitisk kunnskapsorganisasjon med i underkant av 25 000 medlemmer og 19 fylkeslag. Vi har 17 ansatte og har kontor sentralt plassert i Oslo.

Generalsekretæren er organisasjonens daglige administrative leder med overordnet personallederansvar for de ansatte og administrativ ansvar inkl. økonomiansvar. Generalsekretæren har ansvar for praktisk og saksbasert forberedelse i Nei til EUs styringsorganer, og har ansvar for at politiske prioriteringer og vedtak blir fulgt opp.

Det tas sikte på oppstart i stillingen fra august 2015.  
**Søknadsfristen er 27. april 2015.**

Full utlysning og kontaktinformasjon ligger på **www.neitileu.no**.



## NY UTGAVE AV EU-GUIDEN:

# – Nå får du EU-guiden gratis

Det er fem år siden sist Nei til EU ga ut en ny utgave av EU-guiden. Nå kommer endelig en **ny og oppdatert** versjon.

**E**U-guiden er en av de sentrale publikasjonene fra Nei til EU og skal gi et solid grunnlag for vårt standpunkt om at Norge er bedre tjent med ikke å være EU-medlem, og at verden er tjent med at ikke alle europeiske land er underlagt Den europeiske unionen.

## Verden er større enn EU

Den nye versjonen av EU-guiden har fått undertittel «Verden er større enn EU».

– Nei til EUs skriftserie VETT nr. 2 2015 er en ny versjon av EU-guiden, med en oppdatert og lett tilgjengelig innføring i EU-systemet, hva som er hovedproblemene med unionen og hvilke muligheter og fordeler Norge har utenfor EU, sier utredningsleder i Nei til EU, Morten Harper, som er forfatteren av EU-guiden.

– Heftet dekker fem avgjørende tema: folkestyre, solidaritet, velferd og handel, miljø og ressurser samt handelfrihet. Det gir også en oversiktlig fremstilling av hvordan EU styres, sier Morten Harper.

## Gratis til alle medlemmer

EU-guiden blir nå sendt ut gratis til alle medlemmer i Nei til EU, som istikk i dette nummeret av Standpunkt.

– Vi håper EU-guiden vil være til nytte og glede for medlemmene, sier Morten Harper.


– Leserne kan prøve sine egne kunnskaper i en EU-quiz, sier han.

## Få Vett gratis du også

EU-guiden er et spesialnummer som går til alle medlemmer, men også de andre utgavene av Vett er gratis for abonnenter.

– Alle medlemmer kan bli abonnenter ved å sende en e-post til medlem@neitileu.no. Det er gratis, eller rettere sagt, betalingen for abonnementet er frivillig, sier Morten Harper.

Nei til EU gir ut tre-fire utgaver av Vett i året.



## Gode grunner.

Utredningsleder Morten Harper viser fram den nye utgaven av EU-guiden, som nå blir sendt til alle medlemmer.

FOTO:  
EIVIND FORMOE

## EU-guiden: Verden er større enn EU

- Heftet er 52 sider i hendig format.
- Utsalgsprisen er 60 kr.
- Ved bestilling av 10 eller flere gis det 50 % rabatt (porto kommer i tillegg).
- EU-guiden kan også lastes ned gratis fra neitileu.no
- Send e-post til medlem@neitileu.no for å bli Vett-abbonent.



## Les Standpunkt før alle andre!

■ No kan du spare miljøet medan du les Standpunkt. Nei til EU vil no tilby Standpunkt, Vett og andre publikasjoner som elektroniske abonnement.

■ I staden for å få Standpunkt og Vett pakka i plast i postkassa, kan du no få avisa tilsendt til e-postadressa di, slik at du kan lese den på lesebrettet eller datamaskina di.

## Standpunkt som e-avis

■ Her kan du teste e-avisa: <http://www.neitileu.no/kunnskapsbank/publikasjoner/standpunkt> [http://issuu.com/nei\\_til\\_eu](http://issuu.com/nei_til_eu)

■ Vil du registrere deg som e-avisabbonent? Send ei melding til: medlem@neitileu.no



## Aktivisten

Standpunkt vil bli bedre kjent med aktivister og tillitsvalgte i organisasjonen.



## Navn?

■ Eli Berg

## Bosted?

■ Tromsø

## Alder?

■ 62 år

## Verv i Nei til EU?

■ Økonomiansvarlig i Troms Nei til EU

## Yrke?

■ Ingeniør

## Når og hvorfor meldte du deg inn?

■ Fra oppstart av Nei til EU i Troms i 1989–1990. Jeg måtte være med å forsvare norsk sjøfart og stoppe dem som ville legge Norge under kapitalmakta i Brussel!

## Hva er den største utfordringen for Nei til EU nå?

■ Organisatorisk, å få nye medlemmer, særlig unge kvinner, og å få flere til å bli aktive. Politisk, å øke bevisstheten om skadevirkningene av EØS. Altså, få flertall for å si opp EØS!

## Hvordan kan Nei til EU nå bredere ut?

■ Vi prioriterer nå samarbeid med fagbevegelsen. Tettere samarbeid der er viktig for å komme videre i kampen mot EØS-avtalen.

## Eksempel på vellykket Nei til EU-arbeid?

